

# Årsmelding for Alvermarka og Ikenberget Vel 2018

## Styret 2018:

Leiar: Hans Kenneth Sundsbø

Nestleiar/kasserar: Ole Morten Seljestad

Sekretær: Roald Rossnes

17.mai komite: Jannike Lyngøy, Annie Ones(permisjon), Eirik Sander-Fjeld og Espen Aakre.

Styremedlem(Trafikksikring og reguleringsarbeid): Ole-Kristian Smebye og Tore Andre Sines

Styremedlem: Øystein Grutle, Jan Morten Ramsøy og Ida Strand (permisjon)

## Saker Velforeninga arbeidde med 2018:

- Alvermarka Vel har hatt 5 styremøter i 2018, 3 på våren og 2 på hausten. I tillegg har styret hatt ein konstiuteringmiddag på Pizza Milano i februar, og julebord på Alver Hotel i desember.
- Saker gjennom året:
  - **Samanslåingsprosessen mellom Alvermarka og Ikenberget vel.** Etter årsmøtevedtak i 2016 til Ikenberget vel og i 2017 til Alvermarka vel, ble det besluttet å slå sammen velforeningene til en forening. Styreåret 2018 skulle gjennomføres med et sammenslått styre fra begge velforeningene, og valg av nytt styre for Alvermarka og Ikenberget vel ble besluttet gjennomført på årsmøtet mars 2019. Det har blitt utarbeidet nye vedtekter for vel-foreningen, som skal behandlast på årsmøtet 2019. Økonomien til Ikenberget og Alvermarka Vel har blitt slått sammen gjennom styreåret 2018. Sjølv om samanslåingsprosessen har vore lang, så har den vore god og open, og har lagt grunnlag for god og stabil drift av den nye velforeninga.
  - **Trafikksikringstiltak:** Gjennom året har vi fortsatt arbeidet med trafikksikringstiltak for boligområdet. Tema som har vore oppe, er asfaltering, fartsdumper, og nye «Kjør sakte»-skilt.
  - **Kultiveringstiltak. Snegleaksjon.** Utdeling av ein dose Nemaslug per bo-enhet ble gjennomført. Velforeninga dekkar økonomien. Styret takker Magnar Halås og Hogne Brunborg for gjennomføring av aksjonen.
  - **Aksjon for auke av medlemsantalet til velforeningen.** Styret gjennomførte en dør-til-dør aksjon våren 2018, der vi oppsøkte alle boligane i Alvermarka-Ikenberget området. Vårbrevet 2018 ble delt ut og det ble informert og oppfordret til engasjement og innmelding/fortsatt medlemskap. Aksjonen hadde god effekt, og vi oppnådde en auke i medlemstalet til 148 stykker a kr 300. Vi har framleis eit stort potensiale til å auke medlemsmassen, og rår styret til å framleis ha fokus på dette.
  - **Uttale til reguleringsplanar.** Styret har gjennom året hatt uttale til reguleringsplanar vedrørende Skule-området for nye Alversund skule. Desse uttalene har gått på

trafikkisikring og trygg skuleveg, samt innvendingar mot ei planlagt fotballbane mellom byggefeltet og Alversund nye skule.

- **Trivselsskapande arrangement:**
  - o Bossaksjonen vart gjennomført i starten av mai med godt oppmøte
  - o 17.mai feiringa ved NHKG vart gjennomført med svært flott program, stort antall frivillige og veldig godt oppmøte.
  - o St.hans feiringa på velbana med båltenning vart gjennomført med godt oppmøte.
  - o Julegateopning 6.desember vart gjennomført. Nedskalert program grunnet dårlig vær, men god stemning hos de fremmøtte! Flott julebelysning som lyste gjennom heile desember og januar!
  - o Velforeningsblomsten: Tradisjonen med Velforeningsblomst haldt fram i 2018, og vart utdelt til:
    - **Stendal VVS og Dekkhuset** for støtte til utvikling av leikeplassen.
  
- **Arbeidet med oppgradering av området ved velbana er ferdig med byggetrinn 1 og 2.**

*Landskapsplan for uteområdet der Velhuset stod før er laga av landskapsarkitekt Line Valle. Den er førande for anleggsarbeidet her framover. Samtalar med Lindås kommune er i gang. Dette vert ein viktig samlingsplass i Alvermarka. Arbeidsgruppa i 2018 er: Line Merete Valle, Ingunn Kvalsvik og Peter Lundin.*

  - Byggetrinn 1: Planering av arbeidet, støttemur og beplanting i skråning i bakkant.
  - Byggetrinn 2: Innkjøp av leikeapparat, fallsand, rundstokkar, leige av gravemaskin og tilkobling av vatn og straum.
  - Byggetrinn 3 og 4: planlagt i åra 2019-2020, og vil bestå av ein utescene, pergola, rampe for universell tilkomst og ein liten parkeringsplass. Byggetrinnet er prioritert, og vil igangsettjast når økonomien tillet det.
  - o Kostnadsoverslag på arbeidet er sett til kr 375.415,- (18.feb 2018). Dette inkluderar dugandstimar.
  
- **Vanleg medlemsinformasjon** vart sendt ut i 2018. Facebook og plakatar vart og brukt aktivt i 2018.

2018 var eit godt arbeidsår i Alvermarka og Ikenberget Vel.

**Takk til alle i Alvermarka og Ikenberget som bidreg med medlemspengar og dugnadsinnsats.**

**Styret i Alvermarka og Ikenberget Vel 2018**